

## Svar til oppgåvene i eksperimentet "Nordpolen og Sørpolen":

### Til å finne ut:

- 1) Isen på og rundt Sørpolen (Antarktis) ligg på land (altså er dei isbrear). Boksen med is oppå steinen skal forestille Sørpolen.
- 2) Boksen med is som flyt i vatnet skal forestille Nordpolen (Arktis), sidan isen rundt Nordpolen flyt i vatnet (havis).
- 3) Isen på Grønland ligg på land (isbre), slik som isen i Antarktis (området rundt Sørpolen).
- 4) Ja.
- 5) Nei.

### Dersom du vil vite meir:

1) Is tek større plass enn vatn (is er mindre tett enn vatn). Difor vil isen flyte i vatnet, og litt av isbiten vil stikke opp av vatnet. Når isbiten smeltar, vil smeltevatnet frå isen over og under vatn til saman ta akkurat like stor plass som isbiten gjorde.

Dette er det same som skjer når havisen i Arktis smeltar, og som gjer at havnivået ikkje vil auke. (Arkimedes' prinsipp.)

Isbreane på Grønland og i Antarktis flyt ikkje i havet, men ligg oppå land. Når dei smeltar, vil smeltevatnet renne ut i havet slik at havnivået aukar.

2) 0 meter.

3) Om lag 60 meter.

4) Om lag 7 meter.

5) Isen i Arktis smeltar raskt, og mange forskarar reknar med at sommarisen er vekke om 30-40 år. Dersom smeltinga av Grønlandsisen held fram i same tempo som i dag, tek det 10-15 000 år før all Grønlandsisen er vekke. Forskarane trur ikkje at all isen i Antarktis vil smelte, men det betyr mykje for havnivået dersom berre litt av denne isen smeltar.